

## Årsmelding for Sør-Aurdal Historielag 2025

Styret har bestått av Åse Østgård Hagen som leiar, Kåre Leite nestleiar, Halstein Heiene kassarar, Anne Karin Eid skrivar, Anne Grethe Bøen styremedlem og Trygve Langedrag og Sigrid Haugen som varamedlemmar. Utanom årsmøte har styret hatt tre møter. Medlemstalet er 103 og økonomien i laget er god.

Eit godt besøkt årsmøte vart avvikla den 20. februar. Øystein Andersen, hytteeigar ved Hølervatnet, viste bilder frå april dagane 1940 frå Nes i Ådal og opp til Islandsmoen sør for Bagn og korleis dei same stadene ser ut i dag. Eit interessant foredrag som fenga og engasjerte dei framme.

29. april var det dugnad på Vangen i Bagn. Den gamle tømmer-rampa ved elva var i ferd med å gro att med busker og kratt. Dugnaden var eit samarbeid mellom Bagn Sokneråd og historielaget. 16. oktober vart ei informasjonstavle om tømmerfløytinga i Begna hengt opp ved sida av tømmer-rampa. Siste brøtninga i Begna var i 1969, sidan har ikkje rampa vore i bruk. Interesserte kan no tileigne seg meir kunnskap om denne viktige delen av lokalhistoria vår.

20. mai var det tur oppunder Langeberg for å finne ei hule som skulle vera der. Ein lokalkjent hadde ei viss peiling på kvar den var. Etter noko leiting vart hula lokalisert. Alle kom seg velberga ned att, men turen var svært bratt og nokon stader ganske risikabel. Det er skrive om hola i Langeberg i Sagn og Soge 1984.

Historielaget hadde vandring 3. juni på den gamle kjerrevegen gjennom Juvkamskleiva frå Bagn og opp mot Aurdal. Vi starta oppe ved garden Kyrkjebjørge og gjekk seks kilometer ned att til Bagn sentrum. Denne vegen var i bruk fram til 1895 då den "nye" vegen gjennom Bagnskleiva stod ferdig. På turen hadde vi med lokalkjende folk som fortalde historier medan vi gjekk forbi gamle hus og tufter, gjennom gammal barskog og med flott utsikt fleire plassar.

Vassfordagen 3. august samla ca. 400 personar til ein innholdsrik dag på Skrukkefyllhaugen. Det var fleire interessante foredrag og mange salsboder, ulike handverk og demonstrasjonar. Historielaget hadde og ein bod der med sal av bøker og hefter.

Marknadsdagen i Bagn sentrum den 23. august samla mykje folk i det fine været. Historielaget hadde stand i Dalagata kor vi synte fram mange av dei bøker og hefter vi har gjett ut og det vart og seld en god del. Det var Frivilligsentralen og "Mitt Sør-Aurdal" som stod for arrangementet der mange lag og foreiningar i Sør-Aurdal fekk synt seg fram.

Historielaget hadde tur til Vang den 5. september. Først Garbergfeltet, deretter Høre stavkyrkje, bygd i 1179. Så Riddarstøga på Leirhol på vestsida av Vangsmjøsa, frå 1300-tallet. I ein nyare bygning på garden finns og eit svært rikhaldig museum med gamle gards/skogbruksreiskapar. Deretter besøk i Låvemuseet som er bygd opp på garden Hermundstadhaugen i Øvre Dale i Vang, museet vart opna i 2020. Eit besøk inn i Øye stavkyrkje fekk vi og med oss. Etter middag på Mjøsveg kafé og en titt på Vangsteinen ved Vang kyrkje, gjekk turen sørover att. Sigrid Haugen har skrive eit fyldig referat frå turen på heimesida til historielaget.

1. oktober var det markering av 200 årsjubileet for utvandringa til Amerika i samarbeid med Sør-Aurdal Folkebibliotek. Det var to arrangement, det eine på biblioteket i Bagn og den andre på biblioteket i Hedalen. Terje Mikael Hasle Joranger fortalde om utvandringa, spesielt frå Sør-Aurdal. Det vart og vist ein film om Hans Leite, ein mann frå Bagn, som reiste til Amerika. Kåre Leite, som er slektning av Hans, introduserte filmen, han er og slektningen til Tim Nelson som har laga filmen som heiter "Return to Norway".

26. oktober var det bokfestival på Land museum. Det var 12. gongen og er eit samarbeid mellom folkebiblioteka i Land-kommunane, Land museum og Norli bokhandel på Dokka. Historielaget deltok på bokfestivalen sundag, etter invitasjon frå arrangørane. Anette Hougsrud presenterte boka som vi ga ut i november i fjor, om "Skogshyttene i Sør-Aurdal". Vi var i godt selskap med mange spennande forfattarar og mykje publikum. Etterpå var det boksal og signering av bøkene.

3. november var det seniortreff i Sør-Aurdalshallen der Kåre Leite sat på stand for historielaget.

7. november hadde laget eit arrangement med lokalhistorie og allsong på forsamlingshuset Kroken i Hedalen. To av haustens ferske bøker vart presenterte. Den eine var " Nye og gamle opplevelser fra Vassfaret og Vidalen" av Tor Ola Skogstad og den andre var "Årbok for Valdres 2025" der Nils Rogn, redaktøren for boka, fortalde.

I dei nye vedtektene for Valdres Historielag frå 2025, står det blant anna at «Alle lokale historielag i Valdres og Valdresmusea er medlemmer. Styret består av ein representant frå kvar kommune representert ved dei lokale historielaga. Kvart styremedlem skal ha sin personlege varamedlem» Åse Østgård Hagen er valt til å representere Sør-Aurdal Historielag og Kåre Leite er varamedlem.

Nasjonalbiblioteket har no digitalisert dei fleste hefta av Sagn og Soge, frå det fyrste som kom ut i 1982, til og med 2022- årgangen. Dei to siste årgangane blir ikkje digitalisert før eit nytt hefte kjem ut. Tilgangen er open for alle.

Redaksjonskomiteen for Sagn og Soge er i gang med ei ny utgåve som etter planen skal koma ut i november 2026. Dei tek imot bidrag så lenge det er plass. Styret takkar alle som på ein eller annan måte har bidrege til aktiviteten i laget i året 2025 og tar gjerne i mot tips og idear til aktivitetar i året som kjem.

Styret.